

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM FJELL IDRETTSRÅD (FIR) OG FJELL KOMMUNE (FK)

Vedteke i komite for drift i møte 11. november 2014, KD-sak 69/14

1. Bakgrunn og formål

- 1.1 Fjell Idrettsråd og Fjell kommune har felles verdier og mål for utviklinga av idrett og fysisk aktivitet i kommunen, for å skapa eit levande lokalsamfunn der folk finn tryggleik, meining, samkjensle og trivsel.
- 1.2 Formålet med denne avtalen er å fastsetja rammer for samarbeid og ansvarsfordeling mellom Fjell Idrettsråd og Fjell kommune i idrettssaker.

Avtalen skal:

- ✓ Styrkja samspelet mellom FIR og FK
- ✓ Klargjera viktige prinsipp og gjensidige krav og forventingar
- ✓ Sikra kontinuitet i vedtaka som blir gjort
- ✓ Skapa føreseielege vilkår for begge partar
- ✓ Bidra til gjensidig forståing og respekt for synspunkt og arbeidsmåtar.

2. Avtalepartar

2.1 Fjell Idrettsråd

Fjell Idrettsråd er eit samordningsorgan for idretten i Fjell kommune, valt av og blant idrettslaga i kommunen knytt til Norges Idrettsforbund. Idrettsrådet er eit organ for den frivillige idrettsrørsla knytt til Norges Idrettsforbund og Norges Olympiske komité, og skal til ei kvar tid arbeida etter gjeldande lover og reglar vedtekne av idrettstinget, idrettskrinstinget og årsmøtet i idrettsrådet.

2.2 Fjell kommune

Rådmannen har det formelle ansvaret for alle administrative område i kommunen, inkludert idrettsområdet. Kultursjefen er ansvarleg for idrettsområdet. Dei folkevalde prioriterer og fastset mål og prinsipp, og avgjer omfang, kvalitet og fordeling.

3. Samarbeid

Generelle retningslinjer

- ✓ Alle saker som er av felles interesse for idrett skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet.
- ✓ Eit einskilt idrettslag kan ikkje ta opp ei sak direkte med kommunen dersom saka har eller kan tenkjast å ha konsekvensar for andre lag. Dette gjeld spørsmål som vedkjem prioritering av kommunale midlar til anleggsinvesteringar, drift og disponering av kommunale anlegg eller økonomisk støtte til idrettslag.
- ✓ Når generell informasjon blir sendt frå Fjell kommune til idrettslaga, skal det sendast kopi til idrettsrådet.
- ✓ Begge avtalepartar har gjensidig løpande informasjonsplikt med omsyn til hendingar mv. som kan ha noko å seia for oppgåvene til den andre parten.

Fjell kommune er avhengig av at idrettsrådet uttaler seg på vegner av den samla idretten i kommunen, så framt noko anna ikkje er sagt uttrykkeleg frå om. Eventuell usemje mellom idrettsrådet og enkelte idrettslag, eller idrettslag imellom, er kommunen uvedkomande.

3.1 Idrettsrådet

- ✓ Fungerer som eit rådgjevande organ for idrettssaker i kommunen.
- ✓ Er arena for samarbeid mellom laga og dei kommunale myndigheitene.
- ✓ Utarbeider forslag på vegne av idretten til prioriteringar med omsyn til økonomiske forhold, utnytting av anlegg, investeringar, tildeling av kommunalt tilskot, spelemidlar.
- ✓ Gir innspel og faktainformasjon til utarbeiding av planutkast.
- ✓ Gir høringsuttale til politisk behandling når idrettsrådet meiner dette er naudsynt.
- ✓ Deltar i arbeid med rammetildelingar av treningstider i kommunale idrettsanlegg, i samarbeid med kommunen.
- ✓ Er representert i styre/arbeidsgrupper som vedkjem idretten.
- ✓ Idrettsrådet skal gje innspel på den årlege rulleringa på «Prioritert liste på spelemiddelordninga»

3.2 Administrasjon i Fjell kommune

- ✓ Utgreier og foreslår saker til politisk behandling.
- ✓ Forvaltar lover og reglar.
- ✓ Rådfører seg med idrettsrådet i saker som gjeld idretten i Fjell kommune.
- ✓ Sørgjer for at idrettsrådet sine innspel til politiske saker følgjer aktuelle sakspapir til vedtaksinstans, eller for at innspel på annan måte blir referert i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen.
- ✓ Deltar på styremøta til idrettsrådet.
- ✓ Deltar i årsmøtet til idrettsrådet.
- ✓ Rådgjevar/konsulent idrett og nærmiljø koordinerer idrettssaker.
- ✓ Er representert i arbeidsgrupper som vedkjem idretten.

3.3 Politisk nivå

- ✓ Informerer/konsulterer idrettsrådet ved budsjettendringar i budsjettperioden.
- ✓ Idrettsrådet skal kunna be om møte med ordførar, formannskap og utval, avhengig av kva for tema som skal drøftast. Tema skal prinsipielt vera av politisk karakter. Administrative saker skal behandlast og avgjerast gjennom det administrative systemet.

4. Kommunikasjon

- 4.1 Idrettsrådet lagar forslag og rådmannen tar avgjerd ut frå ei heilskapleg tenking i kommunen. Partane skal ha gjensidig respekt og akseptera at dei kan ha ulike syn på prioriteringar og løysingar.
- 4.2 Fast årleg møte mellom administrasjonen v/Kultursjefen og Rådmannen/ordførar.
- 4.3 Eitt møte med den politiske leiinga/kommunestyret/komitear i kvar kommunestyreperiode, helst i starten av kvar ny periode.

5. Avtaletid

Med mindre årsmøtet i Fjell Idrettsråd har gitt styret nødvendig fullmakt, må samarbeidsavtalen vera behandla og godkjend av årsmøtet. Rådmannen i Fjell kommune legg avtalen fram for komité for drift til politisk avgjerd.

Den godkjende avtalen skal underskrivast av leiar i Fjell idrettsråd og ordførar i Fjell kommune. Partane tar i fellesskap ein årleg gjennomgang og evaluering av avtalen og elles etter kvart kommuneval og ved val av ny leiar i idrettsrådet.

Avtalen gjeld i to år om gongen.

Avtalen har ei oppseiingstid på tre månader etter skriftleg varsel.

Straume, 31/8-15

For Fjell kommune

For Fjell Idrettsråd


Eli Berland
ordførar




Anita Heggholmen
leiar